

Høringsuttalelse (KF-239)



Referansenummer: ZVHY2U

Registrert

dato:03.09.2018

15:09:30

Innledning
Uttalelsen gis <input checked="" type="radio"/> På vegne av foretak/lag/forening
Opplysninger om foretak/lag/forening
Organisasjonsnummer 845241112
Foretak/lag/forening Eldrerådet i Fræna
Adresse Tingplassen 1
Postnummer 6440
Poststed ELNESVÅGEN
Telefon 71268100
Telefaks
E-post kontakt elin.kleppen.fedje@frana.kommune.no

Uttalelse
Har du/dere fått tilsendt hørings-saken i adressert sending fra kommunen <input checked="" type="radio"/> Ja
Navn på hørings-saken <input type="radio"/> Høring - Nærdemokratiske ordninger i Hustasvika kommune <input type="radio"/> Høring - Skolestruktur Sylte/Malme, Haukås og Tornes <input checked="" type="radio"/> Høring - Planprogram Hustadvika kommune
Dato på kommunens høringsbrev
Uttalelse <input checked="" type="radio"/> Jeg ønsker å helt eller delvis uttale meg i tekstfelt under <input type="radio"/> Jeg har min fulle uttalelse i egne dokumenter som jeg ønsker å laste opp som vedlegg
Uttalelse til saken Kommuneplanen sin samfunnsdel Fræna Eldreråd har handsama planframlegget i møte 3. sept-18 i sak 14/18 og har følgjande merknader til planen: ER avgrensar merknadene til å omfatte ein del av rådet sitt arbeidsfelt.

Planen verkar godt strukturert og gjennomarbeidd.

Det er ingen merknader til dei første 5 sidene – anna enn at det vert interessant å sjå korleis det fungerer å ta denne delen av kommuneplanen først - før arealdelen

Røynslene frå 1964 om endringa i kommunestrukturen tilseier at det er rett prioritering, då det først og fremt er viktig å få felles identitetskjenne, få fram kva utfordringar nykommunen står overfor. Delplanar skal innarbeidast i kommuneplanen, og då kan rekkefølga vere viktig.

Visjonen er for lang, vanskeleg og hugse og bli motivert av for både innbyggjarane og tilsette. Denne bør bearbeidast i vidare prosess.

Kulepkt. 1 under tenester: «Bærekraftig økonomi» er vel overordna premiss og ikkje ei teneste, og passar vel betre under tredje avsnitt, evt. som overskrift for alle tre avsnitt.

Saknar eit pkt. om «tilstrekkeleg antall sjukeheimplassar/tilbod om heildøgns omsorg for dei som har behov og fyller vilkåra for dette.

I visjonen for plana, s. 6 –kulepunkt 2 står det at ” -- desentraliserte tenester innafor basistjenestene”. Dette er eit ambisiøst mål, og må presiserast slik at det går fram kva det betyr. Det heng godt saman med ”--- fokus på livskvalitet og moglegheiter til å bo heime lengs mulig.” Det er rimelegvis likevel fornuftig å sentralisere tilboda for dei mest pleietrengjande til området rundt sjukeheimen - og at det der vert bygd opp relevant kompetanse.

På s. 10 er Folkehelselova nemnt – samhandlingsreforma er eit viktig område for ER, og vil vere eit prioritert felt framover.

Det er ikkje nødvendig å presisere det som står på s. 12 om auken i eldre - men å nytte ”forsørgelsesbyrde” i denne samanheng, må vere feil bruk av ord!! ER ser sjølvstekt samanhengen mellom yrkesaktivitet/sysselsetjing og utgifter i budsjettet. Likeeins er det slik at med aukande tal eldre, må budsjettpostane styrkjast Men ein må merkje at mange eldre har rimeleg gode pensjonar å greie seg med. I tillegg bidrar me og med skatteinngang i kommunen. Det er vel først når me treng hjelp at vi blir ei økonomisk «byrde»!

Talet på sjukeheimplassar er sett til 97, (s14), men dette må nok aukast framover - med auka utgifter. Her er samordninga med andre planar viktig - mellom anna korleis næringutviklinga / skatteinngang vert framover.